

# Retningslinjer for næringsfondet i Norddal kommune i høve til vedteken strategisk næringsplan 23.06.2016 K- sak 50/16

Vedteke av kommunestyret 12.03.2009 K- sak 015/09.

Endringar i kommunestyret 31.05.2012 K- sak 038/12.

Endringar i kommunestyret 16.02.2017 K- sak 011/17

1.

Møta i næringsfondstyret skal først for opne dører. Saksdokument B-stemplast berre når det ligg føre ein klar lovheimel etter forvaltningslova.

2.

Søknader til næringsfondet vert handsama 2 gangar i året. Inntil 50 % av disponibel kapital kan nyttast første halvår. Søknadsfristane skal vere 1. mars og 1. oktober. Det skal søkjast elektronisk via Regional forvaltning og utlysast på kommunen si heimeside.

3.

Strategisk næringsplan bør vere retningsgjevande for finansiering som blir gitt frå fondet. I Strategisk næringsplan er dette hovudmålet skissert:

**Norddal kommune skal stimulere til eit lønsamt, nyskapande og berekraftig næringsliv som primært tek utgangspunkt i næringer som har naturlege konkurransefortrinn i området.**

Dette er utforma i 3 delmål.

- Fleire og meir overlevingsdyktige verksemdar.
- Fleire arbeidsplassar.
- Auke folketalet med minst 50 innbyggjarar i planperioden.

4.

Tiltak under kultur og idrett kan kvalifisere til støtte frå næringsfondet dersom dei indirekte verknadene for næringslivet er tydelege, betydelege og varige.

5.

Minimum krav til eigenfinansiering er 25 %.

6.

Det skal alltid ligge føre søknadsskjema med nødvendige vedlegg og saksutgreiing før næringsfondstyret kan handsame ei sak.

7.

Mottakar av tilskot skal innan 2 år rapportere tilbake til rådmannen på bruken av midlane og status for verksemda. Rådmannen kan ved særlege tilfelle gi utsetting med arbeidsfristen, men ikkje meir enn 2 år etter ordinær arbeidsfrist. Han rapporterer vidare til næringsfondstyret med siste års rekneskap og budsjett for neste 3 år.

8.

Utbetaling skjer i høve til framdrifta av prosjektet. Dokumentert delrekneskap skal leggest fram. Siste 10 % av tilskotet skal haldast attende inntil det er levert sluttrekneskap frå rekneskapsførar/revisor.

9.

Dersom investeringar vert avhenda før prosjektperioden er gått ut, kan rådmannen krevje at støttemottakar betaler tilskotet tilbake. Dersom heile eller delar av tilskotsbeløpet ikkje er brukt til støttedeføremålet når prosjektperioden er gått ut, kan rådmannen krevje at støttemottakar betaler tilbake den delen av støttesummen som ikkje er nytta.

10.

Søknaden må vere innsendt før oppstart av prosjektet.  
Det vert ikkje gitt tilskot til prosjekt som har kome godt i gang eller er avslutta.  
Hastesaker må avklarast med rådmannen.

11.

Ein søknad om tilskot frå næringsfondet skal innehalde:

Opplysningar om søkjar, kontaktperson og søkjar si verksemd

Prosjektopplysningar

    Søknadsbeløp

    Prosjekttittel

    Prosjektskildring

    Prosjektet si sysselsettingseffekt

Innovasjonsnivå

Prosjektperiode

Kostnadsoverslag

Finansieringsplan

Prosjektet si lønsemd og nytteverdi

Kundeverdi

Interne forhold

    Nøkkellressursar

    Kjerneaktivitetar

    Samarbeidspartnarar

    Berekraft

Eksterne forhold

    Kundesegment

    Kunderelasjonar

    Kommunikasjons- og distribusjonskanalar

    Konkurrans

Økonomisk struktur

Økonomisk utvikling

    Rekneskap frå siste år (etablerte bedrifter)

    3- årig budsjett

Vedlegg

Fjordhagen AS skal vere rettleiar ved utarbeiding av søknad med nødvendig dokumentasjon og vedlegg.